

Informasjon og anbefaling om koronavaksine til barn og ungdom i alderen 5-15 år

I Stryn kommune vart ungdom mellom 12 og 15 år, som ønske det, i hovudsak vaksinert i september 2021, og nokre har fått vaksine i ettertid. **Merk at ungdom i denne aldersgruppa må levere nytt samtykke frå føresette for ein eventuell dose 2.** Dei som ønskjer dose 2 i denne gruppa kan møte til DROP-IN på kulturhuset i ordinær opningstid.

Stryn kommune mottok no vaksinene til barn 5-11 år, og ber føresette som ønskjer at borna får vaksine ta kontakt via epost: vaksine@stryn.kommune.no med forespørsel om time. Oppgje namnet til barnet, og telefonnummer til føresett. Ikkje send sensitiv informasjon via epost. Vi ringjer tilbake og avtaler time for vaksinerings på Stryn Helsestasjon for denne gruppa. Merk at begge føresette må samtykke til vaksinasjon.

Barn og unge får svært sjeldan alvorleg koronasjukdom, men enkelte kan ha behov for sjukehusinnlegging. Vaksinasjon kan redusere denne risikoen. Dei under 30 år som ønskjer vaksine får tilbod om koronavaksinen frå BioNTech/Pfizer (Comirnaty). Barn 5–11 år får eigne barkedosar av denne. Immunitet gjennom infeksjon, med eller utan ein dose vaksine, kan også gje brei og varig beskyttelse hos barn og unge.

Følgjande anbefalingar og tilbod om koronavaksine gjeld for barn og unge:

Ungdom fødte 2003, 2004, 2005

Alle *bør* grunnvaksinerast med 2 doser koronavaksine

8–12 vekers mellomrom mellom dosane

Dei som tidlegare har gjennomgått covid-19 anbefalast 1 dose koronavaksine

Dei som har fylt 18 år *kan* ta ein oppfriskingsdose, dersom dei ønskjer, og det har gått minst 20 veker etter siste dose i grunnvaksineringsa.

Ungdom 5-15 år med alvorleg grunnsjukdom

Bør grunnvaksinerast med 2 dosar koronavaksine

8 -12 veker mellom mellom dosane

Tilpassa vaksinasjonsregime (ned til 3 vekers intervall) er aktuelt for nokre barn med alvorleg grunnsjukdom, basert på legevurdering.

Barn og ungdom fødte 2006 - 2009

Kan vaksinerast med både 1 og 2 dosar dersom dei og føresette ønskjer det

Dose 1 vil redusere den allereie lave risikoen for eit alvorleg forløp av covid-19.

Dose 2 kan også ha positiv nytte, men tilleggseffekten er avgrensa, sidan risiko for alvorleg sjukdom allereie er svært låg etter første vaksinedose.

Dose 2 er særleg aktuelt for dei som har kroniske sjukdommar, har nær kontakt med utsette personar, eller skal opphalde seg i, eller reise til, land som krev 2 dosar i koronasertifikat for denne aldersgruppa (gjeld ikkje alle land).

Dersom dose 2 blir gitt, er det ein fordel med eit langt intervall på meir enn 12 veker etter dose 1. Dette for å minske risikoen for bivirkningar.

Barn fødte 2010 - 2016 og dei i årskull 2017 som har fylt 5 år

Kan vaksinerast med både 1 og 2 dosar dersom dei og føresette ønskjer det.

Vaksine er særleg aktuelt for:

- Barn med kroniske sjukdommar
- Familiar der barn har nær kontakt med personar med særleg behov for beskyttelse
- Barn som har auka risiko fordi dei skal flytte til, eller opphalde seg i, land med høgare smitterisiko eller dårlegare tilgang til helsetenester enn i Norge, eller barn som av andre grunner lever i ein svært utsett situasjon

For dei som vel vaksine, vurderer FHI at ein dose er det som gjev best nytte-ulempebalanse i denne aldersgruppa.

Dersom dose 2 vert gjeven, er det ein fordel med eit langt intervall på meir enn 12 veker etter første dose. Dette for å minske risikoen for bivirkningar.

Barn under 5 år

Koronavaksinene er ikkje godkjende for barn under 5 år

Les meir informasjon frå FHI om vaksiner til barn og unge her:

<https://www.fhi.no/sv/vaksine/koronavaksinasjonsprogrammet/koronavaksine/#vaksinasjon-av-barn-og-unge>